



Helse- og omsorgsdepartementet
Helseforetak med ansvar for Pasientreiser i Norge

PASIENTREISER – ORDNING MED STORE MANGLER; UTTAELSE FRA LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD 23. – 25. MAI 2023:

Fylkeskommunale eldreråd som var samla på Hamar 23. – 25.mai 2023 er lite nøgd med den måten ordning med pasientreiser fungerer.

Stikkord her er lang ventetid, omstendelig og vanskeleg transport og uklare meldingar. Landskonferansen kjenner til at brukarar av pasientreiser ikkje har fått transport som føresett, og derfor har mista avtalt behandling.

Lang ventetid

Det finst ein omfattande dokumentasjon på at mange må vente uvanleg lenge, opptil 7 timar er registrert, og utan tilbod om mat og drikke i ventetida. Alle veit kva dette kan gjere med ein sjuk person.

Transport

Det er oftast mange i same bilen. Det vert lett trangt og vanskeleg for sjuke folk. Med fleire adresser vert turen ofte svært lang for den einskilde. Kan dette vere helsefremjande?

Uklare meldingar

Uklare meldingar gjeld sjukehus og legar, men også sjåførar, som ofte ikkje meistrar norsk på ein tilfredsstillande måte. Sjåførar kan vere hyggelege, men ofte svært vanskelege å forstå. Kanskje ein bør sjå nærare på anbudsordninga med val av drosjer, om den er forsvarleg?

Digitale utfordringar

Pasientreiser tek utgangspunkt i at pasientane meistrar det digitale. Mange har ikkje tilgang til Helsenorge. Spesielt eldre har utfordringar. Det inneber at dei som mest har behov for ordninga med pasientreiser, vil ha store problem når det gjeld utfylling av søknadsskjemaer for refusjon av reise.

Krav om dokumentasjon

Pasientreiser gjeninnfører dokumentasjonskravet: «Frå 1. juni 2022 må ein som pasient vise dokumentasjon frå behandlaren sin for å få dekka tilleggsutgifter som parkering, bompengar og utgifter til ferge om ein har køyrt bil til behandling». Det kan vere gode grunnar for dette kravet samtidig vil ei slik byråkratisering stille nye krav til pasientane, spesielt dei eldre.

Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd krev at det vert teke ein fullstendig gjennomgang av ordninga med pasientreiser. Ein slik gjennomgang må leggast opp slik at eldre brukarar vert høyrd og at det vert teke omsyn til deira utgangspunkt. I denne digitale verden burde det vere mogleg å kunne legge opp til eit mykje enklare system spesielt for refusjon av utgifter ved pasientreiser.